

Klofe hestar.

I England var det ein bonde, som hadde ein svært klof hest. Eingong hadde hesten vortet skodd; men den eine skoen klembde, so han haltad nofo paa eine foten. Dette gjekk han med nokre dagar, men so vart han vel leid det. For no skal du høyra: Ein morgon var ikkje hesten aa finna i hamni. Grindi hadde han lyst av med tennerne og lagt ned paa marki. Bonden gav seg til aa spørja og leita um i grendi. Men um ein times tid kom hesten heim att; og daa haltad han ikkje lenger, og dei undrad seg paa, for han hadde voret. Same dagen raakad bonden smiden, som hadde skodd hesten, og daa fekk han vita, for hesten hadde voret. Han hadde gjenget ein fjordungs veg til smiden, og der kom han upp i smidja og heldt upp eine foten. Smiden skynad meiningi og gav seg til an sjaa etter.

Han fann snart skaden, tok skoen av og la honom betre under. Daa sprang hesten heim att, og han var so nøgd fyr, at han hadde vortet god i foten, at han dansad fast fram etter vegen. —

Futen i Rvitseid hev ogso ein svært vitug hest; han fører mjølki til meieriet. Dei set mjølkspanni paa vogni, spanner hesten fyre, og so gjeng han av seg sjølv dei 3 km. til meieriet. Utanfyr apoteket stadnar han so vidt, at apotekaren fær tid til aa taka spannet sit or vogni. Naar spanni er tømde paa meieriet, ruflar han heimatt. Men han stadnar utanfyr dei kjøpmen, som futen handlar hjaa, um dei kanskje vil fenda nokre varor med, som er tingad fyrivegen. Er ikkje det gild hest?
—

